



30.08.2024 Svanøy

## Stiftinga Norsk Hjortesenter

Til landbrukskontora i kommunane v/viltforvaltninga

### **Mogleg å selje hjort felt under jakta til viltmottak**

Hjort er ein viktig viltressurs i Vestland og om lag halvparten av all hjort som vert felt i Noreg vert skote i fylket. Det gjer at mange grunneigarar sit med eit stort overskot av kjøt. Ein del av dette kjøtet vert selt på den svarte marknaden, eller vert liggande som årgangskjøt i fryseboksen. Det er unødvendig.

Dei siste to åra har Norsk Hjortesenter jobba for å utvikle hjortekjøtnæringa for å gjere meir viltkjøt tilgjengeleg for vanlege forbrukarar. Dette har no resultert i at 11 næringsaktørar i Vestland har gått saman i eit samarbeid for å kunne ta i mot meir hjortekjøt til foredling og sal til større marknader.

**Vi vil difor oppmode kommunane om å orientere jegerar og grunneigarar i kommunane om moglegheita for å kunne selje overskotskjøt til hjortekjøtaktørar i fylket.**

Lokalisering av desse aktørane/hentepunkt er vist i dette kartet:



*Kartet viser mottakspunkt for hjortekjøt i Vestland som tek imot villhjort.*



**Dei ulike aktørane har ulik kapasitet og spesifikke krav til korleis og når slakt skal leverast. Det er difor naudsynt at jegerar som ynskjer å levere gjer avtale om det på førehand ved å ta kontakt direkte med mottaka.**

**Aktørane er:**

1 Kjell Kristian Carlsen, Askvoll, tlf: 971 21 427

2 Kystvilt v/ Bjarne Midtbø, Fjaler, tlf: 977 18 528

3 Haugen gardsmat v/Odd og Kristine Ohnstad, Flåm, tlf: 915 39 026 / 918 03 942

<https://www.haugengardsmat.no/jegerinfo>

4 Maraas hjort v/Knut Maraas, Luster, tlf: 48 28 25 18

5 Tveit Gardsmat v/Kjell Vidar Øglend, Ølen, tlf: 40 49 62 50

**Med venleg helsing**

*Jon Anders Stawang*

**Dagleg leiar Norsk Hjortesenter, Phd**

**Tlf: +47 41 40 32 81**

**Kvalstadvegen 191**

**N-6914 Svanøybukt**

[www.hjortesenteret.no](http://www.hjortesenteret.no)

[Norsk Hjortesenter \(@norskhjortesenter\)](#) • Instagram-bilder og -videoer

